LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Helgesen Tekniske Bygg AS
Reigstadvegen 1
5281 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 27.11.2019 |
| Vår: 15/422 - 19/34982 | Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Etterlyser søknad om ferdigattest tilbygg til næringsbygg - gbnr 108/88 Lindås

**Tiltak:** Tilbygg til bakeriet
**Tiltakshavar:** Goman Lindås AS
**Ansvarleg søkjar:** Helgesen Tekniske Bygg AS

Lindås kommune viser til vedtak «Løyve til tiltak – Rammeløyve for oppføring av næringsbygg – gbnr. 108/88 Lindås» datert 15.07.15, sjå vedlegg.

Saka gjeld søknad om tilbygg til næringsbygg på eigedom gbnr 108/88.

De kan finne saksdokument i saka om de går inn på Lindås kommune si heimeside, klikk her for lenke til sak 15/422.

Det vart søkt om mellombels bruksløyve den 27.04.15 søknaden vart avslått då vilkår for å kunne gje bruksløyve/ferdigattest for tiltaket ikkje var oppfylt med omsyn til avkøyrsle til fylkesveg.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke ny søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdigstilt ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder attende om det.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova §*21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet utløpt og de må søkje om nytt løyve etter dagens regelverk.

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Frist for å søkje om ferdigattest eventuelt å melde attende om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.19.**

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdigstilt og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Løyve til tiltak - Rammeløyve for oppføring av næringsbygg - gbnr. 108/88 Lindås
blankett 5167 søknad om ferdigattest

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Goman Lindås AS | Veråsvegen 234 | 5955 | LINDÅS |
| Helgesen Tekniske Bygg AS | Reigstadvegen 1 | 5281 | VALESTRANDSFOSSEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helgesen Tekniske Bygg AS | Reigstadvegen 1 | 5281 | VALESTRANDSFOSSEN |